



Vi kan m.a. glede oss til konsert med denne dyktige gjengen i førjulsprogrammet på Oska. Her frå bøkkekvalden.

**Julestemningen er på veg til Oska. På restauranten på Sandakaien vert det mykje aktivitet framover mot jul. Nokre dagar er fullbooka, men det er framleis ein del ledig så det er berre å kontakta Roy Lervåg (918 64 091) så vert det nok ei god løysing. Bortsett frå på komledagar og kakekaféen er det førehandsbestilling.**

I tillegg til Carolines Kakehjørne, kompletorsdagar og heilafte med 4 rettars festmeny byr SmakifråOska på ulike variantar av julebord. Her kan ein også oppleva julebord kombinert med quiz. Det var svært populært i fjor. Svært mange vil nok også kombinera julebord med konsert med den dyktige familietrioen frå Kaldestad, Håkon Røstbø og døtrene Ingrid og Astrid. Her er det nok berre å vera rask og booka bord om ein vil sikra seg plass. Les om då dei var på Bøkkekvalden [HER](#).

I tillegg til aktivitetane på restauranten kan vi også sikra oss den gode maten frå SmakifråOska ved å bestilla mat heim eller til andre lokale. Dei har ein rikhaldig catering-meny med god julemat.

Oppdatert førjulsprogram finn de på facebook-sida til Smakifrå. De kjem også direkte inn på denne sida ved å klikka på Smakifrå sin logo til høgre på denne sida.

**Det rikhaldige programmet ser slik ut pr. i dag:**

**November:**

- 17: Lukka arrangement
- 18.: Lukka arrangement
- 23.: Kompletorsdag frå kl.15
- 25.: Kakehjørne og café frå kl.12.
- 25.: Heilafte med 4 rettars festmeny kl.20.
- 26.: Familiejulebord med liten overraskelse for dei minste frå kl.15.

**Desember:**

1. Lukka arrangement
2. Julebuffet med pinnekjøtt, ribbe, dessert og alt som høyrer til kl.19.
7. Komletorsdag frå kl.15.
8. Julebuffet med pinnekjøtt, ribbe, dessert og alt som høyrer til kl.19.
9. Lukka arrangement
14. Komletorsdag frå kl.15.
15. Julebord med konsert med Håkon Røstbø og døtrer.
16. Julebord med quiz.

Etter dette vert det juleferie på Oska. Men mykje kjekt og godt før det!!



Også i år kan ein kombinera julebordet med quiz. Suksess i fjor.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland.